

Cato Plettens Minnefond
Stifta 11. jan. 1993

Til lag og organisasjonar i Radøy.

5938 SÆBØVÅGEN, februar 2015.

Me minner lag og organisasjonar om høve til å søkja om stipend frå

CATO PLETTENS MINNEFOND

I vedtektene § 2 heiter det:

" Av fondet sin avkastning skal styret kvart år dela ut stipend til ein eller fleire unge talent, busett i Radøy kommune og 17 år eller yngre i tildelingsåret, innanfor dei kulturaktivitetar som er i Radøy kommune. Som talent er i denne samanheng meint både utøvar og administrator/leiar innanfor ein kulturaktivitet. Kvart stipend skal vera på mellom kr. 2.000,- og 5.000,-, alt etter styret sitt skjønn. Kandidaten skal nytta stipendet til vidareutvikling av sitt talent. Det skal sendast rapport om korleis stipendet er nytta til fondstyret innan 1 år etter tildelinga."

Sidan starten i 1993 har fondet delt ut i alt kr. 78.500 til unge talent i Radøy kommune.

Både organisasjonar og enkeltpersonar kan koma med forslag på kandidatar. *Forslaga må innehalda navn på kandidaten, grunngjeving av forslaget og navn på forslagsstillar.*

Frist for innsending av forslag er **fredag 01. mai 2015.**

Send ditt forslag til Ordførar Jon Askeland, c/o Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER, innan fristen 01. mai.

Du kan og nytta e-post: jon.askeland@radoy.kommune.no

På førehand takk.

Med helsing
for
Cato Plettens Minnefond



Jostein Skråmestø
Forretningsfører

NB!

Dersom brevet er komen til feil adressat i Dykkar organisasjon, ber me Dykk vera gild å formidla det vidare til rette vedkommande.